

PROTOKOLL FRA ÅRSMØTE 2013

TID: 27.april 14-17.30, 28.april 9-11.

STAD: Rica hotell Hamar

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent

Sak 2 Namneopprop og godkjenning av fullmakter

Oppropet viste 62 representantar med røysterett

- 54 representantar frå medlemslaga
- 2 utøvarrepresentantar
- 4 representantar frå styret

Godkjend av tilsynsnemnda.

Sak 3 Val av møteleiar og protokollfører

Vedtak:

Møteleiarar: Jan Lislien og Hilde Reitan

Protokollførerar: Rannveig Djønnø og Linda Dyrnes

Sak 4 Val av to til å underskrive protokollen og tellekorps

Vedtak:

Til å skrive under protokollen: Kirsti Lier Ramberg og Jan Arne Sebuødegård

Tellekorps: Leikny Aasen, Anne Elise Bøhle, Bjarte Totland.

Redaksjonskomité: Hanne Brende og Even Luseter.

Kirsti Lier Ramberg
Kirsti Lier Ramberg

Jan Arne Sebuødegård
Jan Arne Sebuødegård

Sak 5 Årsmelding 2012 for FolkOrg.

Per Øyvind Tveiten og Helene Myklemyr Bolstad la fram årsmeldinga

Vedtak:

Årsmøtet vedtok årsmelding 2012 slik den ligg føre.

Vedteke samrøystes.

Sak 6 Rekneskap 2012 for FolkOrg

Per Øyvind Tveiten la fram rekneskapen for 2012

Vedtak:

Rekneskapen for FolkOrg 2012 vart godkjend.

Samrøystes godkjent.

Sak 7 Melding frå tilsynsnemnda

Jan Lislien frå tilsynsnemnda la fram meldinga.

Vedtak:

Melding frå tilsynsnemnda vart teke til orientering.

Sak 8 Handlingsprogram for FolkOrg 2011-2015 - revidering av tiltaka

Helene Myklemyr Bolstad og Tor Stallvik la fram revidert handlingsprogram.

Framlegg til endringar:

Kulturpolitisk arbeid:

Framlegg frå Ellen Persvold: Endre kulepunkt 7 til: Søke om å få kappleikar og folkemusikkinstrumentbyggerfaget inn på Unesco sine vernelister for immateriell kulturarv.

Vedteke mot ei stemme.

Framlegg frå Mari Andrea Ness: Nytt punkt: FolkOrg må sikre folkemusikkens plass i realiseringa og styrkinga av dei regionale kompetansesentra.

Samrøystes vedteke.

Lagsutvikling

Framlegg frå Lene Furuli: Utarbeide ei samling av eksempel på gode samarbeidsmodeller mellom lokallag og kulturskolene.

Samrøystes vedteke.

Kirsti Lier Ramberg
Kirsti Lier Ramberg

Jan Arne Sebuødegård
Jan Arne Sebuødegård

Arenautvikling:

Framlegg frå Lene Furuli: Stryke kulepunkt om utenlandske journalister til Landskappleiken.

Framlegget fall mot to stemmer.

Nytt kulepunkt: Øke innsatsen mot norsk presse i forbindelse med Landskappleiken og Landsfestivalen og bistå lokal arrangør.

Framlegget vart vedteke med overveldande fleirtal.

Kompetansebygging og opplæring:

Framlegg frå Oddvin Haugland: Starte arbeidet med å utvikle pedagogiske rammeplaner for folkemusikk og folkedans i grunnskolen.

Samrøystes vedteke.

Informasjon:

Framlegg frå Leikny Aasen:

1. Lage ein medieplan – vedteke med overveldande fleirtal.
2. Arrangere presseseminar på Landskappleik og Landsfestival– vedteke med overveldande fleirtal.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek revidert Handlingsprogram for FolkOrg 2011-2015 slik det ligg føre med dei endringar som det vart stemt over i møtet.

Sak 9 Fastsetjing av medlemspengar og bladpengar

Framlegg til endring i medlemspengar frå Leikny Aasen: Kontingent for barn settes til kr 15.

Framlegget vart sett opp mot styret sitt framlegg og falt mot fire stemmer.

Vedtak:

Medlemspengar:

Medlemspengar for 2015 vert sett til kr 250 for vaksne, og kr 100 for born.

Medlemspengar for 2016 vert sett til 250 for vaksne, og kr 100 for born.

Bladpengar:

Bladpengar for 2014 vert sett til kr 410, ordinær pris, og kr 340 for medlemmar og studentar.


Kirsti Lier Ramberg


Jan Arne Sebuødegård

Sak 10 Revidert budsjett 2013

Aslak O. Brimi presenterte styret sitt framlegg til revidert budsjett for 2013

Framlegg frå Lene Furuli: Lønn og personalutgifter økes med kr 115.000 slik at budsjettet går i null. Vedteke med 37 stemmer.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek revidert budsjett 2013 slik det ligg føre med framlegg til endring frå Lene Furuli.

Sak 11 Budsjett 2014

Aslak O. Brimi la fram framlegg til budsjett 2014

Vedtak:

Årsmøtet vedtek budsjett 2014 slik det ligg føre.

Samrøystes vedteke

Sak 12 Landskappleik og Landsfestival – eit eller to arrangement?

Ellen Persvold la fram saken.

Vedtak: Årsmøtet ynskjer at Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk også i framtida skal vera to separate arrangement. Dersom ein eit år manglar ein arrangør skal det vera tilrettelagt for eit samanslått arrangement

Samrøystes vedteke.

Sak 13 Retningsliner mot seksuell trakassering

Per Øyvind Tveiten og Marit Vestrum la fram framlegg til retningsliner mot seksuell trakassering.

Vedtak: Retningslinene mot seksuell trakassering og overgrep vart vedteke.

Samrøystes vedteke.

Sak 14 Oppnemning av revisor

Vedtak:

BDO Noraudit vart oppnemnd som revisor for FolkOrg i 2013.

Samrøystes vedteke.


Kirsti Lier Ramberg


Jan Arne Sebuødegård

Sak 15 Val

Randi Skeie la fram valnemnda sitt framlegg.

Vedtak:

Styret

Styreleiar: Per Øyvind Tveiten	attval, vald for 1 år
Nestleiar: Helene Myklemyr Bolstad	(ikkje på val)
Nestleiar: Mari Skeie Ljones*	attval, vald for 2 år
Styremedlem: Ellen Persvold	(ikkje på val)
Styremedlem: Jan Heier	vald for 2 år
Styremedlem: Hilde Reitan	vald for 2 år
Styremedlem: Olav Luksengard Mjelva*	vald for 1 år (etter Erlend Viken som ønskjer å gå ut av styret pga arbeidssituasjonen sin)

1.vara: Tove Leinslie	attval, vald for 1 år
2.vara: Gro Marie Svidal	vald for 1 år
3.vara: Gudrun Folkedal	vald for 1 år

*representerer yrkesutøvarar

Fagutval for yrkesutøvarar

Åshild Vetrhus	(ikkje på val)
Silje Onstad Hålien	(ikkje på val)
Vegar Vårdal	attval, vald for 2 år

Tilsynsnemnd

Jan Lislien	(ikkje på val, 1 år att av valperioden)
Arne M. Sølvberg	(ikkje på val, 2 år att av valperioden)
Aud Søyland	vald for 3 år

Valnemnda

Tor-Erik Jenstad	(ikkje på val, 1 år att av valperioden)
Sigurd Johan Heide	(ikkje på val, 2 år att av valperioden)
Torun Raftevold Rue	vald for 3 år (etter framlegg frå styret i FolkOrg)

Alle vart valde ved akklamasjon.

Kirsti Lier Ramberg
Kirsti Lier Ramberg

Jan Arne Sebuødegård
Jan Arne Sebuødegård